



BARNEOMBODET

Kunnskapsdepartementet
E-post: postmottak@kd.dep.no

Dykkar ref:

Vår ref:
15/00875-2

Saksbehandler:
Morten Hendis

Dato:
11. oktober 2015

Svar på høyring av NOU 2015: 8 «Fremtidens skole - fornyelse av fag og kompetanser»

Barneombudet ynskjer hovudtrekka i NOU 2015:18 velkommen, fordi dei leier fram mot eit mogleg paradigmeskifte i korleis ein ser på læringa til elevar, på læreplanar og på kompetansar i norsk skule. Vi meiner et slikt skifte er naudsynt for at barn og unge skal verte betre rusta for utfordringane i framtida, og at norsk skule skal svare på dei utfordringane som følgjer av artikkel 3, 12 og 29 i barnekonvensjonen. Vi er likevel bekymra for at ei slik omstilling til framtidsskulen kan gå føre seg stykkevis og ikkje heilskapleg, og med for dårlege økonomiske rammer. Barneombudet ønskjer å åtvare mot ei slik stykkevis omstilling, fordi den vil ramme elevane.

I denne høyringa vil vi gå gjennom dei fire hovudtemaa departementet ynskjer synspunkt på. Vi kommenterer berre nokre av dei områda utvalet har arbeida med. I tillegg vil vi ta opp nokre forhold som vi ser som viktige for framtidsskulen, men som ikkje er dekkja av dei fire temaområda.

Vi vil svare på høyringa etter den disposisjonen departementet ynskjer og legg opp til i høyringsbrevet. Samandraget i første avsnitt følgjer også same disposisjon.

Samandrag av hovudpunkta i høyringssvaret

1. Kompetansar i framtidsskulen

Barneombudet støttar alle tiltaka som utvalet foreslår, men vi ønskjer å få avklart einskilde forhold. Vi er særst nøgd med at utvalet legg stor vekt på at dei sosiale og emosjonelle kompetansane til elevane vert utvikla som ein del av faga.

2. Fagfornyning og læreplanmodell

Barneombudet vil særskilt trekke fram og støtte dei tiltaka som gjev elevane djupare forståing og kunnskap, og tiltaka som bidreg til betre kunnskap om folkehelse og livsmestring.

3. Undervisning og vurdering

Barneombudet er særst nøgd med at utvalet legg avgjerande vekt på ein ny praksis for vurdering med elevane i fokus.

4. Implementering

Barneombudet er nøgd med at utvalet tek omsyn til vanskar med å implementere den førre læreplanen, og at dei ønskjer ein betre prosess denne gongen. Vi støttar

dei fleste forslaga frå utvalet, men saknar eit sterkare fokus på dialog med elevane og deira organisasjonar i arbeidet med å implementere planane.

5. Barneombodet tek opp døme på fleire tiltak vi meiner må sjåast i samanheng med tiltaka i pkt. 1-4 for at ein skal lukkast med viktige endringar i framtidsskulen, til dømes læringsmiljøet og det psykososiale miljøet til elevane.

Om Barneombodet

Barneombodet har ein eigen lov og instruks som seier at vi skal jobbe for at barn og unge sine behov, rettar og interesser skal bli tekne godt nok omsyn til på alle område i samfunnet. Barneombodet skal foreslå tiltak som er bra for barn, og vi skal spesielt følgje opp FN's barnekonvensjon.

Kompetansar i framtidsskulen

Barneombodet støttar utvalet i forslaga om dei fire nye kompetanseområda i faga i framtida, og gjennom dette ei større breidde i synet på kompetanse enn i dag. Når skuledagen framleis skal organiserast etter fag, er det avgjerande for læringa til elevane i framtidsskulen at nye kompetanseområde blir prioritert. Barneombodet meiner utvalet har gjort kloke val når dei legg større vekt på kva elevane kan gjere framfor kva dei beskriv at dei kan. Ei slik endring er også gjort i ei rekke andre land i verda dei seinare åra.

Barneombodet meiner det er klokt å formulere om dei grunnleggjande ferdigheitene i skulen, slik utvalet foreslår. Det er særst viktig at det å rekne, lese og skrive går inn i fleire fag.

Barneombodet støtter utvalet i at den sosiale og emosjonelle kompetansen til elevane skal gå inn i faga som ein del av dei tilrådde kompetanseområda, og få ein plass når ein skal vurdere elevane sin kompetanse i faga. Vi er usikre på korleis dette skal gjerast i praksis, og om eller korleis ein skal måle/vurdere denne delen av kompetanseområda i framtidsskulen. Vi ønskjer difor at dette vert avklara.

Utvalet legg stor vekt på at elevane skal lære å «kommunisere, samhandle og delta». Ein del av dette er å kunne samarbeide om oppgåver som skal løysast, og ein annan del er demokratisk kompetanse. Barneombodet er særst nøgd med dei vurderingane utvalet gjer når det gjeld samarbeid og demokratisk kompetanse. Vi saknar likevel at utvalet har tatt omsyn til dette i sine eigne forslag. Dette kjem best til syne i forslaga til implementering av framtidsskulen, der medverknaden frå elevane er uklår. Vi viser til barnekonvensjonen, artikkel 12, om barn og unge sin medverknad og rett til å bli høyrd i alle saker som angår dei.

Fagfornyng og læreplanmodell

Barneombodet meiner alle dei ni tiltaka utvalet foreslår i prinsippet kan vere gode. Likevel er det naudsynt å konkretisere tiltaka før det er mogleg å sjå korleis dei praktisk vil verke inn på elevane. Eit døme på dette er metodar i faga som kan bidra til ei djupare forståing og kunnskap. For at elevane skal få meir kompetanse innafor dei fire kompetanseområda, er det naudsynt med ei djupare forståing. Dette vil også vere avgjerande for at elevane skal kunne vurderast ut frå kva dei faktisk kan gjere, og ikkje berre kva dei seier at dei kan.

Barneombodet er einig i prinsippet, men vi ønskjer å sjå fleire konkretiseringar og korleis dette skal gjennomførast innafor ramma av tilpassa opplæring i ein inkluderande skule.

Vi vil også trekke fram dei forslaga utvalet kjem med når det gjeld å fornye fleirfaglege tema. Vi er glade for at viktige tema som folkehelse, livsmestring, det fleirkulturelle samfunnet og berekraftig utvikling får plass i fleire fag på ein systematisk måte. Barneombodet meiner slike tema heng nært saman med dei kompetansane som er omtala som kompetansar i

framtidsskulen, særleg kompetanse i å kommunisere, tenke kritisk og i å løyse problem. Det er difor naudsynt at slike tema ikkje blir einskildståande tema eller eigne fag.

Som nemnt i innleiinga til avsnittet, krev nokre av forslaga å bli konkretiserte. Eit område som er uklårt for Barneombodet, er korleis ein skal løyse vurderinga av om eleven har ein tilfredsstillande progresjon i faga, om eleven treng spesialundervisning eller ikkje, og kva ei slik vurdering skal byggje på (Jf. Pkt. 4.1.3). Vi er sikker på at eit så viktig spørsmål for den rettslege og faglege tryggleiken til elevane kan løysast, men ser fram mot at dette vert konkretisert og avklara.

Det siste punktet i høyringsbrevet til departementet er særst viktig. Utvalet legg stor vekt på ein god samanheng mellom læreplanane og ressursar til rettleiing. Dette vart ikkje teke omsyn til når dei noverande læreplanane vart innførde. Eit resultat av dette var store forskjellar i korleis kommunar og skular evna å utvikle lokale læreplanar. Barneombodet meiner det er kritisk når ein skal innføre nye læreplanar at økonomi, kompetanse og rettleiing er på plass, og at arbeidet vert heilskapleg og med felles nasjonale føringar.

Undervisning og vurdering

Barneombodet er nøgd med at utvalet ønskjer å utvikle ein plan for kompetanseutvikling som legg vekt på dei fire kompetanseområda og fornya læreplanar. Vi er likevel bekymra for kor mykje vekt dette kjem til å få når nye læreplanar skal innførast. Dette kjem fyrst og fremst av dei høge kostnadane eit slikt tiltak har. Vi viser til siste punkt i vårt svar, der vi omtalar samanhengen med andre naudsynte tiltak i skulen.

Barneombodet er særst nøgde med at utvalet ønskjer å legge stor vekt på ein ny praksis for vurdering med elevane i fokus. Vi mottar i dag mange saker der elevar er misnøgde med måten vurdering i skulen skjer på. Barneombodet er bekymra for kompetansen og praksisen i skulen når det gjeld ei fagleg forsvarleg vurdering for læring. Å leggje om praksis og utvikle ny kompetanse kan vere eit riktig steg mot ei verkeleg vurdering for læring for elevane. Det å leggje om krev at skulane tek elevane med frå starten av i arbeidet med å implementere nye læreplanar, jf. Artikkel 12 i barnekonvensjonen. Elevmedverknaden kjem ikkje klart nok fram i forslaga frå utvalet.

Vi vil understreke at det er særst viktig at kompetansen i skulen er på plass før ein innfører eit nytt grunnlag for vurdering av kompetansen til elevane.

Utvalet drøftar korleis måten skulane arbeider med læringsmiljøet og det psykososiale miljøet på er avgjerande for at skulen skal lykkast med å gje elevane naudsynt læring og utvikling i faga (pkt 5.1.2.). Barneombodet ber departementet om å sjå nøye på korleis forslaga i NOU 2015:8 kan sjåast i samanheng med forslaga i NOU 2015:2, «Å høre til».

Implementering

Utvalet ønskjer ein overordna strategi for å innføre eit nytt innhald i skulen, der både nasjonale, regionale og lokale oppgåver er klart formulerte, og at ein legg stor vekt på dialog. Barneombodet har ingen merknadar til de meir overordna strategiane for implementeringa. Vi legg merke til at utvalet har gått grundig gjennom erfaringane frå K-06, og at dei ønskjer å hindre at same feil vert gjort på nytt. Dette er positive ambisjonar som Barneombodet støttar.

Barneombodet er nøgd med at utvalet beskriv ei aktiv elevrolle når det gjeld læring i framtidens skule. Vi er difor noko overraska over at utvalet i mindre grad beskriv korleis elevar og føresette og deira organisasjonar skal involverast i arbeidet med å implementere eit nytt innhald i skulen. Det å involvere foreldre er nemnd, men det er uklårt om elevane skal

vere ein part lokalt, regionalt eller sentralt i arbeidet med å implementere nytt innhald i skulen. Barneombodet ønskjer at dette sikrast gjennom sentrale føringar og ikkje overlatast til regionale eller lokale initiativ.

Andre innspel som ikkje er dekkja av stikkorda til departementet

Skule- og læringsmiljøet til elevane

Barneombodet er nøgd med at utvalet legg avgjerande vekt på elevane sitt skulemiljø og læringsmiljø i det å utvikle framtidsskulen. Vi ber om at departementet ser på tiltaka til utvalet i samanheng med tiltaka i NOU 2015: 2 «Å høre til», slik at det vert ein heilskapleg innsats når det gjeld det å byggje kompetanse i skulen. Fleire av tiltaka i NOU 2015:2 er særskild viktige, og vi meiner desse må prioriterast før ein startar arbeidet med å implementere nye læreplanar i skulen (Sjå Barneombodets høyringssvar til NOU 2015:2)

Barneombodet er redd for at alle dei gode forslaga som ligg i både NOU 2015:2 og NOU 2015: 8, er så kostnadskrevjande at dei ikkje kan følgjast opp. Dei store endringane som er naudsynte for å sikre elevane eit trygt skulemiljø, og for å byggje framtidens skule, kan ikkje gjennomførast utan omfattande økonomiske tiltak. Utan økonomiske insentiv på høgt nivå kan elevane bli ramma på ein særskild uheldig måte. Det same kan skje om ein ser rekka med gode tiltak som einskilde fragmentar av ein ny skule for elevane. Det er nettopp samanheng og heilskap i forslaga som bidreg til å forme framtidsskulen. Eit døme på ein slik heilskap er at skulemiljø og læringsmiljø blir sikra på forsvarleg vis før ein set nye krav til kva og korleis elevar skal lære.

Fleksible løysingar i framtidsskulen

Utvalet ønskjer fleksible løysingar i fag- og timefordeling i framtidsskulen for å stimulere til læringsarbeid på tvers av faga. Barneombodet meiner ei slik endring er positiv. Vi saknar samstundes ei utgreiing av andre nødvendige fleksible løysingar i framtidsskulen. Dette gjeld både lekser, starten, slutten og lengda på skuledagen, og lengda på skuleåret lengde. Nedanfor gjer vi greie for nokre område vi meiner bør vurderast i samband med å utvikle framtidens skule.

Lekser

Elevar er delte i synet på om lekser er naudsynt for å lære, det same er forskarar. Det er likevel ei kjennsgjering at skuledagen er lang for mange elevar, og at lekser kan vere krevjande på kveldstid for både elevar og føresette. Fleire elevar som i dag skriv til Barneombodet, fortel om daglege lekser som gjer at dei ikkje kan delta i aktivitetar på fritida. Vi er bekymra for om nokre skular nyttar lekser som ei løysing på tidspress i skuledagen, slik at elevane skal komme gjennom alle dei naudsynte områda i læreplanen. Fleire meldingar frå elevar tydar på at lekser ikkje er ein repetisjon av lært stoff, men handlar om å lære seg nytt stoff.

Barneombodet ønskjer at framtidsskulen også skal ta tilstrekkeleg omsyn til behovet elevane har for kvile og fritid, og retten til å delta i aktivitetar innafor idrett og kultur, jf. barnekonvensjonen artikkel 31. Ei endring av lengda på skuledagen, der alt skulearbeid er ferdig når eleven kjem heim, kan vere ei løysing på nokre av dei utfordringane ein ser i dag.

Skuleåret

Barneombodet ønskjer at departementet ser på skuleåret til elevane og fordelinga av timer og dagar når dei skal forme. Vi er usikre på om ferie, fridager og lengda på sommarferien er utforma etter behova til elevane, eller om det er andre omsyn som ligg til grunn. Ein open og brei prosess, der ein vurderer kva som er behova til elevane og kva som er til det beste for

elevane, kan gje andre svar på korleis ein skal dele inn eit skuleår enn den delinga og lengda på feriar vi har i dag. Barneombodet meiner ein slik gjennomgang er naudsynt med tanke på å ruste elevane best mogleg for utfordringane i framtida.

Fleksible skuledagar

Utvalet har ei lang rekke forslag til korleis læring skal skje i framtidsskulen. Nokre av tiltaka legg stor vekt på at det er elevane sin eigen progresjon og korleis dei lærar som skal prege opplæringa. Barneombodet ønskjer at det i framtidsskulen også skal vere mogleg med fleksible løysingar på skuledagane. I dag har vi god kjennskap til korleis hjernen til elevar utviklar seg, og kva som er kjenneteikn på dei ulike fasane i utviklinga. Framtidsskulen kan ta denne kjennskapen med når skuledagen skal planleggjast. Vi har ikkje svaret på korleis slike fleksible løysingar kan gjerast, men vi ønskjer at departementet vurderer ulike moglegheiter der nyare forskning og kjennskap til elevar former når, kor og korleis elevane skal lære for at dei skal ha best mogleg utbytte av det.

Barneombodet ser fram til å følgje dei komande politiske prosessane der framtidsskulen skal formast, og vi ønskjer velkommen naudsynte avklaringar og konkretiseringar.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Morten Hendis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.